

Felles IKT-strategi 2015 – 2018

*for kommunane Austrheim, Fedje,
Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen,
Osterøy, Radøy og Vaksdal*

*Saman skal me fornye og levere digitale tenester
som gir innbyggjarane og næringsliv et reelt
digitalt fyrsteval*

Innhald

Innhald.....	1
Innleiing	3
Tverrgående satsingsområde:	3
Sektorielle satsingsområde:	4
Styrande prinsipp	4
Status.....	5
Satsingsområde	5
Digital dialog.....	5
Mål for satsingsområde Digital Dialog	6
Strategisk leiing og IKT.....	6
Mål for satsingsområde Strategisk leiing og IKT	6
Kompetanse.....	7
Mål for satsingsområde Kompetanse	7
Arkiv og dokumenthandtering.	7
Mål for satsingsområde Arkiv og dokumenthandtering.	7
Personvern, teieplikt og informasjonstryggleik.	8
Mål for satsingsområde Personvern, teieplikt og informasjonstryggleik.....	8
Arkitektur og Standardar.....	9
Mål for satsingsområde Arkitektur og Standardar	9
Sektorielle satsingsområde.	9
Helse og velferd.....	9
Mål for satsingsområde Helse og velferd.....	10
Oppvekst og utdanning	10
Mål for satsingsområde oppvekst og utdanning.....	11
Plan, bygg og geodata.	11
Mål satsingsområde Plan, bygg og geodata.....	11
Vedlegg:.....	11
Organisering av IKT verksemda i regionen.	11
Innleiing.....	11

Organisasjonsmodell	12
Leiing av IKT verksemda i regionen.....	13

Innleiing

IKT spiller ein stadig større rolle i vår kvardag. Ei gjennomtenkt og langsiktig satsing på IKT er viktig for å få til ein god utvikling av tenestene til kommunanes innbyggjarar. For å lykkes med dette er det behov for kunnskap og kompetanse, og en tydeleg strategi for kommunanes utvikling ved hjelp av IKT. IKT skal forenkle tilgangen til informasjon og tenester. Innbyggjarar og næringsliv skal få tilgang til kvalitetssikra informasjon gjennom eit betre og raskare møte med det offentlige, og tilsette skal ha tilgang til gode IKT-system som effektiviserar og forenkler arbeidet. Internettbaserte tenester brukast i stadig større omfang. Stortingsmeldinga Digital agenda for Norge påpeker at nettbaserte tenester skal være hovudregelen for forvaltningas kommunikasjon med innbyggjarar og næringsliv. Vidare står det at egna tenester skal være digitale og skal være den primære måten å kommunisere med forvaltninga på. Hovudmålet er altså at innbyggjarane og næringsliv faktisk ynskjer å ta et «digitalt fyrsteval»

I vårt IKT samarbeid er det behov for å fortsette IKT utviklinga på ein samla måte slik at vi har grep om IKT-utviklinga i heile regionen. Dette vil og legge til rette for betre samordning overfor etatar og mellom kommunane. En rekke sentrale dokumenter påpeker dette behovet: Regjeringas digitaliseringsprogram lagt fram i april 2012, i NOU 2013:2 Hindre for digital verdiskaping, Stortingsmelding 23: Digital agenda for Norge.

Dette dokumentet Felles ikt-Strategi er eit viktig verktøy for å styre IKT utviklinga i Nordhordland og i den einskilde kommune slik at IKT blir eit effektivt verktøy i utviklinga av både tenester og organisasjonar. Strategidokumentet beskriv dei viktigaste spesifikke satsingsområdene og fastsett dei strategiske måla for kommunane i regionen. Etter at strategien er vedteken vil det verta utarbeid ein tiltaksplan som skal beskrive nærare korleis me skal operasjonalisera strategien.

Visjonane frå tidligare strategiperiodar, mogeleggjera felles tenesteyting og samarbeid om ressursbruk og, me er på veg, og me skal vidare, vert vidareført i visjonen for denne strategiperioden.

Saman skal me fornye og levere digitale tenester som gir innbyggjarane og næringsliv et reelt digitalt fyrsteval.

Strategien konkretiserer visjonen i seks tverrgående og tre sektorielle satsingsområde.

Tverrgående satsingsområde:

Desse områda går på tvers av kommunanes tenesteorienterte og, lovpålagte oppgåver. Dei tverrgående satsingsområda har som formål å støtta dei lovpålagde oppgåvene, bidra til at kommunane kan yta betre tenester til innbyggjarane og næringsliv og sørge for at partanes rettigheter blir ivaretatt. Satsingsområda er:

1. Digital dialog
2. Strategisk leiing og IKT
3. Kompetanse
4. Arkiv og dokumenthandtering
5. Personvern, teieplikt og informasjonssikkerhet
6. Arkitektur og standardisering

Sektorielle satsingsområde:

Helse, velferd og oppvekst og utdanning høyrer med til dei prioriterte områda i kommunane og utgjør ofte den største budsjettposten. I tillegg er plan, bygg og geodata områder som er viktige i arbeidet med å utvikla nye digitale løysingar knytt til mellom anna betre innsyn og arbeid med å digitalisera kommuneplanar, kart og eigedomsoversikter. I tillegg vil arbeid med matrikkelen og bruk av andre prosjekt som ByggNett og andre felleskomponentar føre med seg nye digitale løysingar for kommunane. Satsingsområda er:

1. Helse og velferd
2. Oppvekst og utdanning
3. Plan, bygg og geodata

Styrande prinsipp

Følgjande prinsipp skal leggas til grunn for IKT i perioden:

- Kommunane i regionen skal samordna alle sine IKT initiativ og planar og så langt som mogeleg standardisere sine IKT løysningar for å legge til rette for økt og effektiv samhandling og ikkje minst, effektiv drift og forvaltning.
- Omsyn til personvern og informasjonssikkerhet skal ivaretakast i alle prosjekt og løysningar.
- Utvikling av IKT tenester og løysningar skal vera prega av søking etter gevinstar. Område for gevinstrealisering er blant anna:
 - Betre kvalitet
 - Effektiv ressursbruk
 - Kostnadseffektivitet
 - Betre innkjøp
 - Enklare teknisk drift
 - Enklare for brukarane
 - Mindre sårbar (meir robust driftsteneste)
- Digitale kanalar skal være tilgjengelige for alle, uavhengig av funksjonsevne. Innbyggjarane skal om nødvendig få hjelp til å finne fram og bruke digitale tenester.
- Utnytta felleskomponentar i den grad dei vert utvikla av sentrale myndigheiter.
- IKT-prosjekt skal ved planlegging synleggjere vinst, og det skal leggest til rette for realisering av slik vinst i gjennomføringa. Undervegs i implementeringa og ved avslutting av prosjekt skal status for vinstrealiseringa gjerast synleg.
- Maskinvare som PC, skrivarar o.a. skal bestillast gjennom IKTNH, også ved kjøp av brukt utstyr. System- og programvare skal bestillast gjennom IKTNH og bør i størst mogleg grad baserast på ei felles vurdering og felles avtalar om innkjøp og drift.

Status.

- Vårt IKT samarbeid er godt og konstruktivt og har gitt gode resultat både i form av reduserte kostnader, raskare IKT utvikling, betre tenester og meir effektive kommunar. Me har god og effektiv drift.
- Våre teneste på nett gir ikkje enno brukarane eit reelt digitalt fyrsteval, både kommunikasjonskanalar, brukargrensesnitt og tilgang til informasjon er ikkje godt nok tilrettelagt.
- Informasjon flyt ikkje enkelt på tvers av våre system og kan væra lite tilgjengelig i sakshandsaming og som grunnlag for beslutningar.
- Me har ikkje makta å utnytta potensiale i alle tilgjengelege løysingar og vinst frå alle prosjekt.
- Me har mangel på kompetanse og ressursar
- Me har fleire standardiserte løysningar, men prosessar og bruken av dei er ikkje standardisert.
- IKT prosjekt vert ofte teknologiorientert utan fokus på nødvendig organisasjonsutvikling.
- IKT startegi, planar og prosjekt er ikkje godt nok forankra politisk og ute i organisasjonane.

Satsingsområde.

Digital dialog.

Dei fleste arbeidsprosessar som utføres i ein kommune er ledd i eit tenestetilbod til innbyggjarane, organisasjonar, næringsliv og tilsette. Me ynskjer at alle prosessane i så stor grad som mogeleg skal automatiserast og dei system som er i bruk skal kunne utveksla informasjon slik at data berre registrerast/oppstår ein gong. Fagsystem på eit område skal og automatisk kunna generera aktivitet i fagsystem på eit anna tenesteområde dersom ikkje teieplikt eller anna lov hindrar dette.

Målsettinga om å gi innbyggjarane og næringsliv eit reelt digitalt fyrsteval inneber mellom anna at våre heimesider må utviklast med særleg tanke på brukaranes behov, gi god informasjon og god oversikt over teneste. Dessutan skal løysinga gi god mogeligheit til dialog og innsyn. Heimesidene og tenestane må utviklast slik at dei «huskar» opplysningane som er oppgitt tidlegare. I tillegg vil personlege opplysningar og innsyn i eigne sakar krevje sikker pålogging.

Me skal nytta godt, enkelt og forståelig språk i alle våre løysingar og utvikla dei slik at brukaren vert i stand til å gjera mest heile jobben sjølv utan å involvera kommunalt tilsette. (ref. bankløysing). For å få til dette må me mellom anna utvikla bruken av elektroniske skjema meir, nytta gjenbruk av kjente eksisterande teneste og felleskomponentar og ikkje minst gjennomføra kunnskapsbasert tenesteutvikling slik at me flyttar kunnskap så nær brukaren som mogeleg. Dette vil og krevje at mange av våre løysingar vert sett i stand til å kommunisera på tvers av fagområde og levera informasjon så enkelt og effektivt som mogeleg.

Digitale kanalar skal vere tilgjengelege for alle, uavhengig av funksjonsevne. Universal utforming av våre IKT løysingar skal legge til rette for dette. Bruk av sosiale media er effektivt og kan vere ei løysing for enkel deling av informasjon der ein brukar får informasjon utan sjølv å måtte ta initiativ og oppsøke for eksempel, ei nettside. I regionen ser ein meir og meir at bruk av slike sosiale media kan vera viktige kommunikasjons- og beredskapskanalar. Dessutan ynskjer me å bruka desse alternative kanalane saman med andre løysingar som middel til å styrke lokaldemokratiet. Me vil derfor i perioden etablera retningslinjer for vår bruk av slike kanalar. Retningslinjene skal omfatte både reglar for korleis tilsette skal bruka kanalane, reglar for publisering og oppfølging av kva som postas og

korleis kommunane skal profilera seg. Nye effektive løysingar for politikarane vil og bli vurdert i strategiperioden.

Mål for satsingsområde Digital Dialog

- Kommunane i regionen skal ha nettbaserte teneste for kommunikasjon med innbyggjarane og næringsliv som tilfredsstillar krav til universell utforming.
- Kommunane i regionen har løysingar for sikker pålogging for innbyggjaranes tilgang til eigne opplysningar via nettsidene.
- Kommunane i regionen har automatiserte prosessar med tenesteområde som henger saman.
- Kommunane i regionen nyttar sosiale media for å fremja dialog, auka informasjonsspreiing, krisekommunikasjon og for å styrka lokaldemokratiet.
- Kommunane i regionen har ein gjennomtenkt språkbruk i dei digitale kanalane.

Strategisk leiing og IKT

IKT er eit verktøy for å jobba meir effektivt og for å støtte dei tenestene kommunane leverar. Dette betyr at IKT-investeringar og -utvikling må vere del av kommunanes strategiske leiing. IKT er ofte i seg sjølv ein kraftig endringsfaktor for organisasjonane og IKT skal nyttast som eit slikt verktøy i vår organisasjonsutvikling, men det er kommunane og ikkje teknologien som skal vera styrande for utviklinga. I regionen har me eit stykke arbeid å gjera på dette område og for å kunne nå våre mål med IKT utviklinga og ta ut vinst i etterkant må me lære oss å planlegge innføring av nye løysingar som eit organisasjonsprosjekt. All erfaring syner at dei største utfordringane ved innføring av IKT-løysingar er knytt til organisasjon og arbeidsmetodar.

I regionen har me foreløpig ikkje fult ut klart å integrera alle system slik at informasjonen enkelt kan flyta på tvers av system og tenesteleveransar. Me kan forbetra våre løysingar slik at kommuneleiinga får tilgang til nødvendig styringsdata. Integrasjon og tilgang på styringsinformasjon vil derfor vere eit fokusområde i strategiperioden. Dessutan vil me ha fokus på vinstrealisering for å kunne oppnå vinst og dermed nå måla i våre IKT prosjekt. Ofte vil vinst realiserast først når nye rutinar er etablert og systemet har vært i drift noko tid. Det er då opp til leiinga i kommunane å avgjera korleis vinsten skal handterast.

I regionen har me laga ein organisasjonsmodell for strategisk leiing av IKT. Det er viktig at det vert arbeidd med forankring av denne modellen slik at alle med behov forstår roller og ansvar hos dei som er ansvarlig for IKT tenesteleveransar og utvikling i regionen.

Gjeldande organisasjonsmodell er dokumentert i vedlegg til dette dokumentet.

Mål for satsingsområde Strategisk leiing og IKT

- Kommunane i regionen skal ha leiare som ser samanhengen mellom tenesteproduksjon og teknologibruk, og nyttar dette til teneste- og organisasjonsutvikling.
- Kommunane i regionen har IKT-strategi og handlingsplan knytt til organisasjonenes overordna planar og tenesteområdenes behov.
- Kommunane i regionen har tilgang til relevante digitale styringsdata.
- Politisk og administrativ leiing har forståing for at vinst ved innføring av IKT ikkje kan realiserast med ein gong.
- Kommunane i regionen har realisert vinst ved å nytta IKT effektivt til å jobba på nye måtar.

Kompetanse.

Bruk av IKT krev ny kompetanse på alle nivå i kommunane. Leiarane treng strategisk IKT-kompetanse for å kunne planlegga og leia omstillingsprosessar og realisere vinst. Medarbeidarar på alle nivå treng praktisk IKT-kompetanse for å kunne nytta IKT-løysingane på ein god måte. Eit overordna mål og grunnleggande prinsipp er at IKT skal brukast på alle områder der teknologi kan føre til at oppgåvene blir løyst på en betre måte og gir meirverdi for hele organisasjonen.

Kompetanse er særst viktig for utviklinga av moderne digital forvaltning. Dei tilsette sin kompetanse i bruk av IKT er avgjerande for effektiv forvaltning og tenesteyting. Derfor ynskjer kommunane å kartlegge den digitale kompetansen til sine tilsette for å få oversikt over både den grunnleggande og den fagspesifikke IKT-kompetansen. Det er viktig å sikra at alle tilsette har eit minimum av kunnskapar, samtidig som spesifikke kunnskapskrav til ulike grupper tilsette må følgjast opp med analyser og opplæring. Det er og viktig at kommunen har eit tilbod om enten interne eller eksterne kurs på riktig nivå og at utvikling av kompetanse innanfor personvern og informasjonstryggleik er inkludert. Kompetanseutvikling på IKT område må inngå i kommunane sine strategiske kompetanseplanar. Me ynskjer og å bruka fagkompetansen til å utvikla måten me leverar tenestene på. (Kompetansebasert tenesteutvikling)

Mål for satsingsområde Kompetanse

- Alle kommunane skal ha kompetanse til å setja i gang endringsprosessar og involvera dei rette aktørane, basert på tenesteområdenes behov.
- Alle kommunane har tilsette som har tilstrekkeleg kompetanse til å bruka IKT-løysingane.
- Alle kommunane har tilsette som kan gi innbyggerane og næringsliv støtte og opplæring i bruk av dei digitale løysingane.
- Alle kommunane i regionen har kompetanse om lovpålagde krav til personvern, teieplikt og informasjonstrygghet blant sine tilsette.

Arkiv og dokumenthandtering.

Den viktigaste oppgåva til arkivet er å finna igjen dokument, både dokument som kommer inn eller sendast ut frå organisasjonane, samt interne dokument. I regionen har me digitale arkiv som både er ein føresetnad for og eit resultat av ein elektronisk kommunikasjon og saksbehandling. Arkiv og dokumentbehandling skal sikra gode tenester for brukarane, støtte effektiv saksbehandling og ivareta lovpålagte oppgåver, juridiske rettigheter og pliktar i samtid og ettertid. I Nordhordland er vår tilnærming at alltid når me effektiviserer våre arbeidsprosessar, og særleg dei saksbehandlingsprosessane der ein stiller strenge krav til etterprøvbarhet og dokumentasjon, så ynskjer me å få til integrasjon med vår arkiv- og dokumenthandteringsløysing frå Acos. I praksis er ikkje integrasjonsmålet enda fullt nådd og vi vil derfor i perioden ha fokus på integrasjon og på å nå målet om at alle arkiv skal vere elektroniske og basert på NOARK 5 standarden.

Mål for satsingsområde Arkiv og dokumenthandtering.

- Kommunane skal kunna henta ut relevante opplysningar frå arkivet til eigne tilsette, partar, publikum og eksterne IKT-løysingar.
- Kommunane skal har ei forsvarleg dokumenthandtering innanfor alle fagområde, både når det utføres av kommunane sjølve og av andre som utfører oppgåver på vegne av kommunane.
- Kommunane har metodikk som sikrar at arkivperspektivet inngår i alle planar, kravspesifikasjonar og anskaffelsesprosessar som får konsekvensar for dokumentasjon av

kommunanes aktivitetar.

- Kommunane har dokumentfangst og sikker arkivhandtering ved innføring av nye digitale løysingar og teneste på alle område og for alle system.
- Kommunane har sikre rutinar og prosessar for langtidsbevaring av kommunanes arkiv i arkivdepot, og at dokument som skal slettes slik lov og forskrifter krev, faktisk blir sletta.
- Kommunane har implementert NOARK 5-kjerne i alle løysingane som arkiverer saksdokument.

Personvern, teieplikt og informasjonstryggleik.

Ny teknologi og auka kompleksitet aukar krava til informasjonstryggleik i kommunesektoren. Bruk av mobil teknologi og trådlause nettverk utgjør eit trusselbilde som inneber ein større tryggleiksrisiko enn tidlegare. Bruk av IKT er og blitt en naturlig del av kommunal tenesteyting, og på mange område ein føresetnad for levering av tenester. Samtidig er kommunal tenesteyting basert på handsaming av store mengder personopplysningar og sensitiv informasjon. Behandling av slike personopplysningar er ein nødvendig føresetnad for at kommunane skal kunne utøve offentlig mynde og tilby tenester. I regionen skal me verna personopplysningar på en måte som sikrar at dei ikkje kommer på feil hender eller utilsikta vert endra. Sensitive personopplysningar skal skjermast spesielt. Samtidig skal me sørgje for at den enkeltes innsynsrett takast i vare.

Ansaret for at det norske lovverket følgjes ligger heile tida hos kommunane. Det er derfor naudsynt å ha ein vel fungerande internkontroll i kvar kommune som skal bidra til å sikra forsvarleg behandling av personopplysningar, og tilstrekkelig grad av informasjonstryggleik. Informasjonstryggleik dreier seg om å handtera risikoen for at personopplysningar og andre informasjonsverdiar sikrast på en tilfredsstillande måte. Internkontroll handlar om å etablere og vedlikehalde planlagde og systematiske tiltak for å sikre at kommunane oppfyller lovens krav til behandling av personopplysningar. Informasjonstryggleik er å sikra at konfidensialiteten ivaretakast, sikra tilgjengelegheit, integritet og kvalitet bl.a. ved elektronisk behandling av personopplysningar. Dette gjeld ved bruk av alle typar digitalt utstyr.

God internkontroll og god informasjonstryggleik skal bidra til at kommunane behandlar personopplysningar lovlig, sikkert og forsvarleg.

I regionen har me teke i bruk skytenester på mange område og i tida som kjem vil omfanget heilt sikker auka. Dette kan bli ein utfordring for informasjonstryggleiken. Det er derfor naudsynt å inngå databehandlaravtaler i kvar kommune med dei leverandørane av skytenester vi brukar. I tillegg må det i alle prosjekt der skytenester kan bli aktuelt gjennomførast grundige risiko- og sårbarhetsanalysar før avtalar vert inngått.

Mål for satsingsområde Personvern, teieplikt og informasjonstryggleik

- Kommunane skal ha strategi for informasjonssikkerhet.
- Kommunane skal ha databehandlaravtaler med alle som behandlar personopplysningar på vegne av kommunen.
- Kommunane skal ha databehandlaravtalar med andre som kommunen behandlar personopplysningar for.
- Kommunane skal ha forankra internkontroll i leiinga og styringssystem på plass.
- Kommunane har løysingar som tilfredsstillar krava til tryggleiksarkitektur
- Kommunane som tar i bruk skytjenester, har gjennomført grundige risiko- og sårbarhetsanalysar og inngått en databehandlaravtale.

Arkitektur og Standardar.

Våre IKT-løysingar må enkelt kunne utveksla informasjon og kommunisera seg imellom. Hittil har me i regionen ikkje utarbeidd ein arkitekturmodell som beskriver samanhengen mellom dei strategiske måla og dei teknologiske behova og som på ein forståelig måte og beskriver korleis dei ulike delane av infrastrukturen heng saman. Dette må gjerast både for heile vår løysing og særskilt for områda helse og velferd og skule. Arkitekturen må innehalde forretningsarkitektur, informasjons- og systemarkitektur og teknologiarkitektur slik at man kan sjå korleis me best mulig kan utnytta våre digitale ressursar.

I vår utvikling skal me så langt som mogeleg nytta nasjonale fellesløysingar (felleskomponentar) der desse legg til rette for gode, samhengande digitale tenester på tvers av offentleg sektor.

For å gjera samhandling enklare skal me nytta opne forvaltningsstandardar.

Mål for satsingsområde Arkitektur og Standardar

- Kommunane skal utarbeide IKT-arkitektur
- Kommunane skal ta i bruk løysingar basert på nasjonale standardar og felleskomponentar
- Kommunane skal utarbeide kravspesifikasjonar basert på nasjonale og felleskommunale standardar ved innkjøp og endringar i eksisterande system.

Sektorielle satsingsområde.

Helse og velferd

Kommunane har ansvaret for at innbyggjarane vert sikra grunnleggande helse- og sosialtenester som er effektive og brukarvenlege og har høg kvalitet. Befolkningsframskrivingar viser at det vil bli en betydelig vekst i den eldre del av befolkninga i åra framover. Pleie-, rehabiliterings- og omsorgstenesta i kommunane vil stå overfor betydelige utfordringar når det gjeld rekruttering av arbeidskraft, meir effektiv ressursutnytting, tilstrekkelig behandlingsskapasitet og å gje eit kvalitativt godt tenestetilbod.

For kommunane i regionen er eit av dei viktigaste måla for bruk av IKT i helse- og omsorgssektoren å understøtte målet om eit helhetlig pasientforløp. Elektronisk samhandling og bruk av teknologi i sektoren er og eit viktig verkemiddel for å nå Samhandlingsreforma sine helsepolitiske mål. Vår bruk av IKT skal understøtte helsepersonell, slik at dei yter tenester av god kvalitet og får tilgang til rett informasjon til rett tid.

Mykje tydar på at blant anna bruk av IKT i dei kommande åra radikalt vil endra helse- og omsorgstenestene. Gode IKT-system vil kunne bidra til betre behandling, mindre pasienttransport, betre utnytting av ressursane og betre involvering av pasientane og brukarane. Teknologien skal legge til rette for at all nødvendig informasjon er tilgjengelig for behandlande helsepersonell når dei treng det. Målet er at bruk av IKT i helse- og omsorgssektoren skal bidra til betre kvalitet i førebygging, behandling, rehabilitering og omsorg.

Ein stor og mangfaldig sektor, og særskilte krav til personvern og sikkerheit, gjør at IKT i helse- og omsorgssektoren er spesielt krevjande. En stadig større del av informasjonsutvekslinga i helse- og omsorgssektoren går elektronisk, og nye løysingar vert tatt i bruk. Norm for informasjonstryggleik i helse og sosialtenesta skal leggjast til grunn for arbeidet med personvern og sikker informasjonsbehandling.

Tilsette i helse- og omsorgstenesta i kommunane skal ha opparbeida tilstrekkeleg kunnskap om bruk

av digitale verktøy til å kunna kommunisere elektronisk med helseføretak, fastlegar og legevakt. Velferdsteknologi er eit utviklingsområde som vil bidra til ein sikrare og betre og meir effektiv kvardag for brukarar og helse- og omsorgspersonell. I regionen vil me aktivt vurdera og ta i bruk slike løysingar og sjå bruken av denne typen teknologi i samheng med IKT-verksamheten i kommunane når det gjeld infrastruktur, bruk av standard løysingar og sikkerheit.

Mål for satsingsområde Helse og velferd.

- Alle kommunane skal legge til rette for bruk av Helsenettet på alle helseområde der elektronisk samhandling er aktuelt.
- Legge til rette for deling av helseinformasjon mellom samhandlande aktørar på helse og omsorgsområdet
- Sikre rask tilgang til og sikker lagring av dokument i pasientadministrative prosessar og styringssystem.
- Ta i bruk verktøy slik at helsepersonell kan registrera og få tilgang til helseopplysningar når dei er hos pasienten.
- Alt arbeid med personvern og sikker informasjonsbehandling i helse og omsorgssektoren skal være basert på Norm for informasjonssikkerhet.
- Ta i bruk løysingar for velferdsteknologi som er basert på standardar og understøtter gjeldande IKT arkitekturprinsipp.

Oppvekst og utdanning

Grunnopplæringa skal utdanne barn og unge til det digitale arbeidsliv. Kunnskapsløftet definerer digitale ferdigheter og bruk av digitale verktøy som ein basisferdigheit på lik linje med lesing, rekning, skriving og sosiale ferdigheter. Digital kompetanse er ferdigheit, kunnskap, kreativitet og haldning som alle treng for å kunne bruke digitale media for læring og mestring i kunnskapssamfunnet. Det er den kompetansen som bygger bru mellom ferdigheitar som å lese, skrive og rekne, og den kompetansen ein treng for å ta i bruk nye digitale verktøy og media på en kreativ og kritisk måte. IKT er inkludert i læreplanen sine kompetansemål i alle fag. For barnehagane er retningslinjer for IKT-bruk nedfelt i rammeplanen.

Digitale læremiddel er digitale ressursar utvikla for eit læringsformål. Desse gjer store muligheter for individuelle tilpassingar. Men IKT i skulen er mykje meir enn bruk av digitale læremiddel. Det omfattar og bruk av verktøy, tenestar og digitale ressursar som ikkje er utvikla til læringsformål, for eksempel oppslagsverk, video, blogg, osv. I kommunane treng vi forutan å utarbeide ein arkitektur og ein plan for innkjøp og forvaltning av digitale læremiddel, samt plan for kompetanseutvikling for lærarar knytt til bruken av verktøya. Prinsipp om universell utforming skal følgjast.

Vurdering er ein grunnleggjande del av skulens ansvar og aktivitet. I kommunane ynskjer me i regionen å nytta digitale verktøy i vurderingsarbeidet og utvikla digitale vurderingskriterier og –former i tråd med kommunanes prioriteringar og læreplanar.

Feide er innført i heile regionen og sikrar at elevar og læare får ein sikker elektronisk identitet som dei kan nytta for å få tilgang til lokale og nasjonale teneste, både pedagogiske og administrative.

Mål for satsingsområde oppvekst og utdanning

- Elevane skal få eit undervisningstilbod som oppfyller krava til bruk av IKT i gjeldande læreplanar.
- Lærarane nyttar digitale læremiddel og verktøy i den daglege undervisninga
- Skulane utnyttar mogheitene IKT gir for å gi tilpassa og differensiert opplæring til kvar elev.
- Skulane nyttar løysingar for digital vurdering
- Skulane nyttar innloggingsløysingane og ressursane i Feide

Plan, bygg og geodata.

Kommunane har ansvar for at plan- og byggesaksprosessane bygger på grundige analyser og at saksbehandlinga er open. Det er utan å gå i detalj, stort behov for å leggja til rette for betre publikumstenester, effektiv arbeidsflyt og integrerte løysingar på desse områda. Ikkje minst internt er det store forventningar i regionen til at kommunane no satsar og legg til rette for stor utvikling. Vi nyttar i dag ein rekke fagsystem for å løyse dei oppgåvene som lova pålegg. Til no har det vore slik at fleire av desse fagsystema ikkje har vore i stand til å utveksla data med kvarandre og med sak/arkivløysinga. Dette har vore til hinder for effektiv arbeidsflyt og god kvalitet på informasjonen og det har vore kostnadskrevjande. Vi vil i åra som kjem arbeide mykje for å få til eit betre samspill og samhandling mellom systema.

Vi står og overfor ei rekke utfordringar på område digitale planregistre og må bli betre til å nytta mogheitene som ligg i slike registre.

Mål satsingsområde Plan, bygg og geodata

- Kommunane har etablert ein digital plan- og byggesaksprosess både internt i organisasjonane, i samhandling med resten av forvaltninga og i dialogen med innbyggjarane og næringsliv.
- Kommunane har planer og løysingar for etablering, forvaltning, vidarebruk og deling av geografisk informasjon og kommunaltekniske fagdata.
- Kommunane har løysingar for digitale arealplanar, digitalt planregister, matrikkelen, det offentlege kartgrunnlaget og kommunaltekniske fagdata som støttar gjeldande standardar og nasjonale krav.
- Kommunane har tilgang til nasjonale løysingar for bruk i teknisk sektor.

Vedlegg:

Organisering av IKT verksemda i regionen.


Innleiing

Dette dokumentet beskriver korleis man ønskjer å styre og utøva den operative IKT verksemda i

regionen. Dokumentet beskriver rollar, ansvar og mynde og er utvikla i dialog mellom rådmennene, Strategigruppa, Strategileiar og leiar for IKTNH. Dokumentet er ein del av dei styrande dokumenta for IKT regionen.

Organisasjonsmodell

Figuren nedanfor viser IKT organiseringa i regionen



Rådmennene i region Nordhordland er styringsgruppe for IKT og har det overordna ansvaret for leiinga av IKT i kommunane. I hovudsak vil saker relatert til budsjett, strategiplan for IKT, IKT handlingsplan, ressurs spørsmål og saker der det er særskilt viktig med forankring leggas fram for rådmennene. Resten av den overordna styringa overlata av praktiske grunnar til IKT Strategigruppa.

Strategileiar har det operative ansvaret for effektiv og koordinert IKT utvikling og forvaltning, oppfølging av IKT prosjekt, korleis vedtak etterleivas og kvalitet. I tillegg til ansvar for å utarbeide styrande IKT dokument som for eksempel, IKT strategi, IKT handlingsplan, IKT utviklingsbudsjett, retningslinjer, osv.

Leverandørane skal levere iht. avtalar. IKTNH er prinsipielt å betrakte som ein leverandør på lik linje med andre eksterne leverandørar. I tillegg er IKTNH også tillagt eit særskilt ansvar for basis teknologistyring.

Leiing av IKT verksemda i regionen.

Tabellen nedanfor visar korleis ein ser for seg at IKT i Nordhordland skal leiast.

Rolle	Ansvar	Kven
Overordna IKT leiing	<ul style="list-style-type: none"> • Drøfting og godkjenning av IKT budsjett, IKT strategi, IKT handlingsplan. • Bestemma i ressurs spørsmål og retningslinjer. • Fastsetja de overordna ramane og toleransegrensene for IKT verksemda. • Sørgje for effektiv og god kommunikasjon og forankring kring IKT saker til eigen kommune/organisasjon 	Rådmannsgruppa
Overordna IKT leiing. (Delegert frå Rådmannsgruppa)	<ul style="list-style-type: none"> • Bestemme rammer og toleransegrenser for utvikling og prosjekt som er godkjent av Rådmannsgruppa i deira behandling av IKT Strategi, - Handlingsplan og budsjett. • Prioritera utviklinga innanfor ramane som er godkjent av Rådmannsgruppa. • Godkjenne og initiera prosjekt og planer godkjent av Rådmannsgruppa og følge opp at prosjekta har framdrift og status som planlagt og er innanfor sette toleransekrav. • Bestemme i saker som er knytt til den operasjonelle utviklinga og drifta av IKT aktivitetane. • Forbereda saker som skal til Rådmannsgruppa. 	IKT Strategigruppa (styringsgruppe)
Operasjonell styring av IKT utviklinga	<ul style="list-style-type: none"> • Daglige leiing av IKT utviklinga (ikkje teknisk) innanfor godkjente planar, budsjett og toleransegrensar satt av Strategi- og Rådmannsgruppa. • Koordinering, og overordna prosjekt- og porteføljeleiing. • Pådrivar i endringsarbeid og prosessutvikling. • Sørgje for at det som vert bestemd innanfor Strategileiar sitt mandat blir kjend i regionen og etterlevast. • Forberede saker for IKT Strategigruppa og rådmennene. • Utarbeiding av IKT utviklingsbudsjett, IKT strategi, IKT handlingsplan, IKT styrande dokument (standardar, reglar, prinsipp og retningslinjer). • Legge til rette for tilpassa og god kommunikasjon med rådmenn og tilsette i kommunane. 	IKT Strategileider

Leing av teknisk IKT utvikling	<ul style="list-style-type: none"> • Ansvar for utarbeiding av teknologiarkitektur og teknologiske standardar og dokument, inkludert IKT sikkerheitspolitikk for regionen. . • Ansvar for tenesteleveransar som avtalt. • Ansvar for utvikling og forvaltning av tenesteavtaler • Ansvar for utvikling og forvaltning av teknologiplattform, inkludert generelle applikasjonar. (Telefoni, Microsoft, etc.) • Sørge for at standardar, reglar og prinsipp for teknisk infrastruktur blir kjend i regionen og at dei følgjast. • Utarbeiding av IKT budsjett for drift, inkludert utvikling av teknisk infrastruktur • Forberede saker for IKT Strategigruppa og Rådmannsgruppa 	IKTNH
--------------------------------	---	-------